

---

**Saksnr:** 2022/91-5  
**Saksbehandlar:** Stig Andreas Nordrumshaugen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		23.03.2022

## Tildeling - Statsbudsjettet 2022 - kapittel 1429 - post 73 - profane mellomalderbygg

### Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune vedtek følgjande fordeling av midlar over post 73 profane mellomalderbygg:

Søkn.nr.	Søklar	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	Vilhelm Rumohr	Bualoft på Frønningen	930 000
2	Olav Magne Dyrdal	Eldhuset på Bakka	360 000
3	Sunnhordland Museum	Ådlandstova	Avslag
4	Stiftinga Agatunet, Hardanger og voss Museum	Lagmannsstova	Avslag
5	Vestland fylkeskommune	Kurs i 3D-skanning av mellomalderbygg	50 000
6		Sikring og strakstiltak	25 000
<b>SUM</b>			<b>1 365 000</b>

2. Avdelingsdirektøren set nærare vilkår for bruken av tilskota som er fordelt.

3. Det vert sett av 25 000 kr. til klagehandsaming og strakstiltak. Avdelingsdirektør kultur, idrett og inkludering får fullmakt til å fordele midlar til strakstiltak. Hovudutvalet skal orienterast om fordelinga gjennom referatsak.

### Samandrag

Saka handlar om tildeling av tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 73 - tilskot til profane mellomalderbygg. Dette er ein av dei nye oppgåvene som er overført i frå Riksantikvaren til fylkeskommunane i 2020. Kvart år kan eigarane av profane mellomalderbygg søkje fylkeskommunen om støtte til istandsetjings- og vedlikeholdstiltak. På bakgrunn av søknadane frå eigarane søkte Vestland fylkeskommune Riksantikvaren om kr. 1 920 000,- i tilskot for 2022. I brev av 3. februar 2021 tildelte Riksantikvaren kr. 1 365 000,- **til Vestland fylkeskommune for 2022**. Desse midlane skal no fordelast til ulike tiltak på profane mellomalderbygg.

Per Morten Ekerhovd  
Avdelingsdirektør

David J Aasen Sandved  
seksjonssjef  
KII - Kulturarv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Vedtak om tilskot til Vestland fylkeskommune frå statsbudsjettet 2022 kap. 1429 Post 73, istandsetting av freda mellomalderhus frå før 1537.
- 2 Vurdering av søknader post 73 mellomladerbygg 2022

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Saka gjeld tildeling av tilskot frå statsbudsjettet 2022 kap.1429 post 73 profane mellomalderbygg. Vestland fylkeskommune fekk overført forvaltinga av tilskot til profane mellomalderbygg i Vestland frå Riksantikvaren i 2021. Tilskotsordninga er annonsert og gjort tilgjengeleg for søkjarane gjennom Vestland fylkeskommune sin heimeside og gjennom avisannonser.

### Føremålet med tilskotsordninga

Profane mellomalderbygningar er blant verdas eldste trebygningar. Det er eit mål å få bygningane opp på eit normalt vedlikehaldsnivå, samstundes som kjeldeverdien vert teken vare på. Det er vidare eit mål at den immaterielle kulturarven i det tradisjonelle bygningshandverket vert teken vare på og styrka. Arbeidet på mellomalderbygningane bør difor gjennomførast på ein slik måte at handverkskompetansen vert teken vare på og utvikla.

### Innkome søknader og tildeling frå Riksantikvaren

Søknadsfristen for ordninga var 1. november 2021. Det kom inn fem søknader som oppfylte krava om å kunne søkje på ordninga. På bakgrunn av innkomne søknader søkte Vestland fylkeskommune Riksantikvaren om 1,92 mill. kroner. I brev av 03.02.2022 tildelte Riksantikvaren 1,365 mill. kroner til Vestland fylkeskommune for 2022.

Budsjett 2022	1 365 000
Søknadsfrist	1. november 2021
Vedtaksriterier	«Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79» og «Reglement for økonomistyring i staten»
Informasjon om ordninga	VLFK sin heimeside og utlysing i trykte media <a href="http://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/tilskot-til-profane-ikkje-kyrkjelege-mellomalderbygg/">www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/tilskot-til-profane-ikkje-kyrkjelege-mellomalderbygg/</a>
Tal på søknader	5
Tal på søknader som er tilrådd tilskot	3
Samla søknadssum frå eigarane	1 920 000
Søknadssum frå Vestland fylkeskommune til Riksantikvaren	1 920 000
Tilskot til fordeling 2022	1 340 000
Midlar til klagehandsaming og strakstiltak til seinare fordeling	25 000

### Vedtakskompetanse

Hovudutvalet for Kultur, idrett og integrering. Jf. Vedteke reglement for hovudutval for Kultur, idrett og integrering, punkt 3.

### Økonomi:

Tildelinga vert finansiert gjennom refusjon frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 73. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

**Klima:** Istandsetting av eldre bygg bidrar positivt i klimarekneskapen.

**Folkehelse:** Tiltaka medfører auka opplevingsverdiar av vår felles kulturarv.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdier.

**Vurderingar av innkomne søknader**

Fylkeskommunen fekk inn fire søknadar, der to av bygningane er i privat eige og to er eigd av musea.

På grunn av avgrensa midlar i rammetilskotet frå Riksantikvaren har avdelingsdirektøren prioritert tiltak som går på viktige istandsettingstiltak knytt til konstruksjon, tak og grunnforhold, samt utbetringar av bygningsfysiske tilhøve. Omsøkte tiltak som går utover dette, som manglar tilstrekkeleg dokumentasjon, har ubrukte midlar ståande og/eller ikkje vert vurdert som prekære, har ikkje vorte prioriterte.

Bualoftet på Frønningen som vart demontert i 2016, og vart årringsdatert til 1399, har fått høgste prioritet. Dette er eit omfattande istandsettingsprosjekt. Bygningen ligg i dag lagra på ei sag på Frønningen hjå eigar. Det er svært viktig at dette kjem opp att i 2022.

Det er også viktig å få ferdigstilt det påbegynte prosjektet på Bakka i Aurland. Det står att arbeid med takteking av vernebygget, samt ein vernevegg med glas.

Som del av søknaden til profane mellomalderbygg post 73, søkte fylkeskommunen Riksantikvaren om 50 000 kr til å arrangere eit internt kurs i 3D-skanning av mellomalderbygg. Dette er eit tverrsektorielt samarbeid med INV som er kompetente på skanning av veg og infrastruktur. Tiltaket har til hensikt å byggje eigen kompetanse på 3D-skanning av mellomalderbygg. Dette verktøyet skal nyttast til kulturmiljøovervaking, formidling, dokumentasjon og forskning. I Riksantikvaren si grunngjeving for rammetilskotet skriv dei at dette dokumentasjonsprosjektet «representerer ingen stor kostnad, men vil gje dokumentasjon som er verdfull for forvaltning av objekta.».

Søknaden frå Sunnhordland museum til Ådlandstova vert tilrådd avslag då dei framleis har ubrukte midlar ståande og ut frå at rekonstruksjon av interiør ikkje vert vurdert som prekært.

Søknaden frå Hardanger og Voss museum til Lagmannstova vert tilrådd avslag då dei framleis har ubrukte midlar ståande.

**Konklusjon**

Avdelingsdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår til å gjere vedtak i tråd med framlegg.